

Referat frå møtet i Vest-Telemarkrådet 14. oktober 2025 kl. 10.00- 14.45 på AiR

Sak 41/2025 Rullering av handlingsdelen i klimaplanen

Sophie Yatman presenterte arbeidet som klimaforum i Vest-Telemark har gjort og gjer saman.

Strategidelen skal ikkje rullerast, kun handlingsdelen.

Handlingsplanen, som skal bli rullert 2. kvart år, vart foreslått redusert frå 59 til 35 tiltak.

Framlegg frå Jon Rikard Kleven under satsingsområdet Transport:

Informasjon om kollektivtransport som framkomstmiddel i distrikta bør gå ut som tiltak. Det finst svært lite kollektiv transport, så veldig uheldig å marknadsføre eit svakt tilbod.

Samstundes er det viktig at det eksisterande kollektivtransport blir framsnakka.

Forslag i møtet som gjeld tiltak under satsingsområdet Transport:

- 1) Legg til eit tiltak om å: Redusere bilbruk og styrke lokal mobilitet gjennom deling av privat transport. Undersøkje moglegheiter for å ta i bruk samkøyringsapp i Vest-Telemark.
- 2) Endre tiltak om informasjon om kollektivtransport til: Styrke og synleggjere eksisterande kollektivtransporttilbod i Vest-Telemark. Samarbeide med fylkeskommunen om ein kampanje for å betre kollektivtilbodet i distrikta.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet rår kommunestyra til å vedta handlingsdelen i klimaplanen med følgjande endringar:

- 1) ***Legg til eit tiltak om å: Redusere bilbruk og styrke lokal mobilitet gjennom deling av privat transport. Undersøkje moglegheiter for å ta i bruk samkøyringsapp i Vest-Telemark.***
- 2) ***Endre tiltak om informasjon om kollektivtransport til: Styrke og synleggjere eksisterande kollektivtransporttilbod i Vest-Telemark. Samarbeide med fylkeskommunen om ein kampanje for å betre kollektivtilbodet i distrikta.***